

Vedlegg 3 - Metodikk KVV og vurderingar i etterkant

Norconsult og Pure Logic om konseptvalutgreiinga (kjelde; KVV-rapporten)

Konseptvalutgreiinga (KVV) for vegforbindelsar mellom kommunane Ålesund, Stranda og Sykkylven vurderer konsept for å etablere ein meir attraktiv og berekraftig region. Rapporten er utarbeidd av Norconsult AS og Pure Logic AS på oppdrag frå Storfjordsambandet AS. Utgreiinga skal gje grunnlag for val av konsept og rammeverk for vidare planlegging.

Konseptvalutgreiinga blir gjennomført i tråd med krav ifrå Finansdepartementet (Rammeavtale for kvalitetssikring av konseptval). I KVV-en er det gjort fleire grep for å levere ei utgreiing som gir oppdragsgjeveren eit beslutningsgrunnlag, som sorterar ut løysingar og konsept som ikkje gir god verdi og måloppnåing. Inngangen til prosjektet er i samsvar med Concepts sin rapport "God praksis i arbeidet med konseptvalutgreiingar" (2018).

Formålet med metoden er å nytte ressursar på å finna løysingar og konsept som har potensiale for vidare utgreiing, og sortera bort andre konsept på ein trygg og dokumenterbar måte med minst mogleg bruk av ressursar. Dette sikrar at det ikkje blir brukt (mykje) ressursar på å vurdere løysingar som ikkje kan realiserast på grunn av låg nytteverdi, eller som ikkje passar inn i målbildet til prosjektet.

Første steg i denne prosessen var innleiande arbeid med Storfjordsambandet for å sikre forståing for kva som skapar verdi i prosjektet. Verdiane i prosjektet har blitt forankra i eit målbilete for Storfjordsambandet. Basert på det konkrete målbiletet har ulike løysingar og konsept blitt vurdert.

Heilt gjennom prosessen har medverking ifrå lokalsamfunnet stått sentralt for å sikra effektiv utvikling, modning og sortering av konsept.

Verdsetjing og analyse av løysingane blir gjennomført ved bruk av programmet ISY Decision Making (ISY DM), eit samarbeidsverktøy for analyse og prioritering av ulike alternativ. Det har blitt utvikla for bruk i store infrastrukturprosjekt og er brukt ved kryssing av Bjørnafjorden og Sulafjorden. Verktøyet reknar ut nyttesida og illustrerer i tillegg korleis dei ulike konsept har ulike måloppnåing.

Alle estimat og resultat i analysen har usikkerheits-anslag knytt til seg. Sjølv om mange av resultatane er svært usikre (store usikkerheits-intervall), så vil vi likevel kunne seie, med svært høg sannsynlegheit, at nokre konsept vil ha høgare nytte, betre måloppnåing med meir, enn andre alternativ.

Basert på denne tilnærminga blir talet konsept som bør vurderast for vidare arbeid redusert til to, medan dei andre blir tilrådde å bli sorterte bort.